

Rettleiing for TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Morten Brakestad

Trafikksikker kommune
frå Trygg Trafikk i samarbeid
med Vestland fylkeskommune



INNHALD

	1 TRAFIKKSIKKER KOMMUNE	4
	2 DOKUMENTASJON	6
	3 KORLEIS BLIR KOMMUNEN GODKJEND?	10
	4 FØRSTE REGODKJENNING	12
	5 PÅFØLGJANDE REGODKJENNINGAR	14

Ei rettleiing for kommunar som vil bli godkjende som Trafikksikker kommune – trafikktryggleik sett i system.



FORORD

Trafikktryggingsarbeidet i kommunane er avgjerande for å lykkast med nullvisjonen: ingen drepne og ingen hardt skadde. Trygg Trafikk har utarbeidd godkjenningsordninga Trafikksikker kommune. Dette er eit organisatorisk tiltak for å systematisere og samordne trafikktryggingsarbeidet i kommunane. Godkjenningsordninga bidreg til å sikre at kommunen arbeider systematisk med trafikktryggleik.

Godkjenninga er gyldig i tre år. Fordi trafikktryggingsarbeid er noko som skjer kontinuerleg, må kommunen regodkjennast kvart tredje år. Ei regodkjenning er ein enklare prosess, men han er minst like viktig fordi han bidreg til at kommunane vidareutviklar trafikktryggingsarbeidet sitt.

Denne rettleiinga skal vere ei støtte og ein ressurs gjennom heile godkjenningsprosessen og i tida fram mot regodkjenningane. Har du spørsmål, kan du skrive til tsk@tryggtrafikk.no eller ta kontakt med det lokale fylkeskontoret ditt.

Lykke til med arbeidet!

Helsing

Team Trafikksikker kommune
Trygg Trafikk



1 TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

– systematisk arbeid for eit tryggare lokalmiljø

1.1 NASJONALE MÅL OG FØRINGAR I TRAFIKK-TRYGGINGSARBEIDET

Det nasjonale trafikktryggingsarbeidet er avhengig av ein brei og samla innsats for at ein skal lykkast med å førebyggje og redusere trafikkulykker.

Nullvisjonen er slått fast i Nasjonal transportplan (NTP), med ambisjon om null drepne og hardt skadde i trafikken innan 2050. Denne visjonen er breitt politisk forankra.

NTP blir følgd opp av ein fireårig tiltaksplan: Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg. Den viser til Trafikksikker kommune som eit viktig organisatorisk tiltak for å systematisere og samordne trafikktryggingsarbeidet i kommunane.

Godkjenningsordninga Trafikksikker kommune er eit nasjonalt satsingsområde for å styrkje trafikktryggleiken for innbyggjarar og tilsette i kommunane. Ordninga byggjer eine og åleine på lover og forskrifter som kommunane allereie er pålagde å følgje. Godkjenningsordninga set arbeidet i system og inviterer kommunen til å samhandle på tvers av alle fag.

Trygg Trafikk har fått ansvar for å hjelpe kommunane i dette arbeidet og for å forvalte godkjenningsordninga i samarbeid med fylkeskommunane.

Denne rettleiinga skal støtte kommunen i arbeidet med å bli godkjend som Trafikksikker kommune.

1.2 EIN VIKTIG AKTØR I TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET

Som vegeigar, plan- og arealstyresmakt, skule- og barnehageeigar, arbeidsgivar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for helse og trivselen til innbyggjarane har kommunen eit stort ansvar for å førebyggje ulykker.

Kommunane er gjennom folkehelselova pålagde å fremje folkehelse, førebyggje skadar og verne folk mot faktorar som har negativ innverknad på helse. I praksis inneber det at kommunane må arbeide systematisk og tverretatleg med trafikktryggleik.

Eit godt og heilskapleg trafikktryggingsarbeid må omfatte fysiske, trafikantretta og organisatoriske tiltak.

Dersom kommunane legg ekstra vekt på det trafikantretta tryggingsarbeidet, er det eit viktig bidrag for at vi skal nærme oss nullvisjonen. Dette arbeidet er både effektivt og langt mindre kostnadskrevjande enn fysiske tiltak, sidan det kan gjennomførast uavhengig av kommuneøkonomien.

Dersom vi lykkast med å skape ein tryggingsskultur blant tilsette og innbyggjarar, vil dei bli påverka til å ferdast med minst mogleg risiko same kvar dei er i verda.

At ein kommune er blitt godkjend som Trafikksikker kommune, er ingen garanti for at det ikkje vil skje trafikkulykker lokalt, men det er eit kvalitetsstempel for godt, målretta og heilskapleg arbeid med trafikktryggleik. Det bidreg til ein betre tryggingsskultur blant tilsette og innbyggjarar.

1.3 KVA RESULTAT KAN VI VISE TIL?

Transportøkonomisk institutt (TØI) har på oppdrag frå Trygg Trafikk undersøkt effekten av haldningsarbeidet i kommunar som er godkjende.

Etter spørjeundersøkingar og intervju med 2400 kommunalt tilsette i 24 kommunar har forskarane funne følgjande:

- 67 prosent oppgir at fokuset på trafikktryggleik har auka hos den nærmaste leiaren.
- 62 prosent oppgir at fokuset på trafikktryggleik har auka blant kollegaer.
- 58 prosent oppgir at det er blitt lettare å ta opp spørsmål som gjeld trafikktryggleik, på eigen arbeidsplass.

Respondentane oppgir òg at dei generelt sett tenkjer meir på trafikktryggleik i arbeidskvardagen, og at dei oppfører seg sikrere i trafikken.

Rapporten frå TØI konkluderer med at tilnærminga i Trafikksikker kommune er i tråd med tidlegare studiar: Tiltak retta mot tryggingsskultur og leiing kan gi stor nedgang i trafikkulykker.



2 DOKUMENTASJON

For å bli godkjend må kommunen oppfylle krav til dokumentasjon. Dokumentasjonen skal leverast i PDF-format og bør ha kommunevåpen. Det må komme tydeleg fram kven som er ansvarleg leiar.

På nettsidene våre finn du gode døme på dokumentasjon frå godkjende kommunar og dessutan lover og forskrifter som gjeld kommunen sitt ansvar for trafikktryggleik. Her finn du òg mange andre ressursar og verktøy som de i kommunen fritt kan nytte i arbeidet med trafikktryggleik.

2.1 LEIARGRUPPA I KOMMUNEN

Kriterier for leiargruppa – dokument som skal sendast inn:

- Stadfesting frå kommunedirektøren på at alle sektorar oppfyller kriteria som er sette for godkjenninga.
- Retningslinjer for korleis dei tilsette skal ferdast i trafikken.
- Årshjul og møtereferat som viser at trafikktryggleik er årleg tema i samlingar for verneombod.
- Årshjul og møtereferat som viser at trafikktryggleik er årleg tema i utvalet som har ansvar for arbeidsmiljøsaker.
- Gjeldande trafikktryggleiksplan.

Trafikktryggingsarbeidet i kommunen skal vere forankra i den politiske og administrative leiinga.

Delansvar kan ligge hos kvar enkelt etatsleiar. Kommunen bør peike ut ein koordinator for å innhente dokumentasjon og koordinere arbeidet. Koordinatoren vil vere eit viktig bindeledd mellom kommunen og Trygg Trafikk både undervegs i prosessen og i arbeidet etter godkjenninga.

Kommunens system for HMS/interntroll skal innehalde retningslinjer for dei tilsettes ferdsel i trafikken.

Trafikktryggleik skal òg inngå i folkehelsearbeidet i kommunen som ein naturleg del av det førebyggjande arbeidet. Vi tilrår at de inviterer alle kommunale råd til å delta i behandlinga av alle saker som har med trafikktryggleik å gjere.

Det er viktig å ha ein plan som ivaretek det heilskaplege trafikktryggingsarbeidet med rullerings- og rapporteringsrutinar for trafikantretta og fysiske tiltak. Rutinar og ansvar må komme tydeleg fram.

Leiargruppa til kommunedirektøren bør oppmode om at trafikktryggleik og trafikksikker atferd blir vurdert ved revidering av innkjøpsstrategi eller reglement og ved anbudsutlysingar.

2.2 HELSESTASJON

Kriterium for helsestasjonar – dokument som skal sendast inn:

- Oversikt over når og korleis trafikktryggleik er tema i møte med barn, ungdom og føresette.

Formålet med helsestasjons- og skulehelsetenesta er mellom anna å fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggje sjukdom og skade. Det har vore ein markant nedgang i trafikkulykker med barn, og trafikktryggingsarbeidet til helsestasjonane har bidrege sterkt til dette. I samband med dette er det viktig at helsestasjonane har rutinar for å informere foreldre, barn og ungdom om trafikktryggleik.

2.3 BARNEHAGE

Kriterium for barnehagar – dokument som skal sendast inn:

- Årsplanen til barnehagen, der det står at trafikkopplæring er ein integrert del av opplæringa.
- Rutinar for trygg ferdsel for barn og vaksne utanfor barnehageområdet. Det bør òg komme fram korleis det blir sikra at tilsette har oppdatert kjennskap til rutinane.
- Rutinar for informasjon til føresette om trafikktryggleik i barnehagen, i samband med turar og ved levering/henting.

Trafikktryggleik er ein viktig del av barns livsmeistring. For å minimere risikoen for uønskte hendingar når barna er i trafikken i regi av barnehagen, er det viktig at barnehagen har rutinar for korleis barn og vaksne skal ferdast. Leiaren pliktar å gjere desse rutinane kjende for alle tilsette, føresette og barn. Dette er forankra i forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar.



Lena Westrum

Grunnlaget for gode haldningar i trafikken blir lagt i barneåra, derfor må trafikkopplæringa starte tidleg. Opplæringa inneber at barna får erfaringar og opplevingar med trafikkreglar for gåande og bruk av relevant sikringsutstyr, og at dei får høve til å bruke sansane sine i trafikken.

Vaksne er rollemodellar og har ansvar for at barn og unge utviklar evne til å reflektere, vurdere risiko, ta andres perspektiv og samarbeide. Personalet i barnehagen må vere klar over kva kunnskap, ferdigheiter og haldningar dei skal leggje vekt på for å sikre trafikktryggleiken i barnehagen.

Ved å skape gode vanar tidleg kan personalet påverke trafikktryggleiken og bidra til at sosiale forskjellar blir jamna ut. Dette er i tråd med å ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon med forankring i rammeplanen og i forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar.

Godkjenninga omfattar kommunens eigne barnehagar, men kommunen kan gjerne inkludere private barnehagar i godkjenningsprosessen.

2.4 SKULE

Kriterum for skular – dokument som skal sendast inn:

- Rutinar for turar til fots og med sykkel, bil og kollektiv transport. Det bør òg komme fram korleis det blir sikra at tilsette har oppdatert kjennskap til rutinane.
- Oversikt over korleis temaet trafikktryggleik er innarbeidd i opplæringa på alle trinn.
- Oversikt som viser at trafikktryggleik og rutinar for turar er eit tema i møte med foreldre/føresette.

Det overordna verdigrunnlaget til skulen er sentralt i trafikkopplæringa. Evna til å ta gode, ansvarlege og etiske val og til å tenkje kritisk er ein viktig del av det ein skal lære i skulen. Dette er avgjerande også i trafikkopplæringa.

Trafikktryggleik er forankra i både opplæringslova og læreplanverket, inkludert læreplanane i dei ulike faga.

Når elevane er ute i trafikken i regi av skulen, er det viktig å ha gode rutinar for å minimere risikoen for uønskte hendingar. Dette er forankra i forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar – med plikt til å gjere rutinane kjende for alle tilsette, føresette og elevar.

Skulen er dessutan ansvarleg for at elevane har ein trygg skuleveg. Elevane ferdast i trafikken kvar dag, og det er naturleg at skulen arbeider med å førebyggje trafikkulykker lokalt. Dette kan vere i form av informasjonsarbeid, samarbeid med dei andre etatane i kommunen om mellom anna skilting, eller bruk av spesifikke undervisningsopplegg som har med trafikktryggleik å gjere.

Godkjenninga omfattar alle dei kommunale skulane, men de kan gjerne inkludere private skular i godkjenningsprosessen.

2.5 KULTUR, IDRETT OG FRITID

Kriterium for kultursektoren – dokument som skal sendast inn:

- Oversikt over korleis kommunen skal påverke lag og foreiningar til å jobbe med trafikktryggleik.

Frivilligheita er ein viktig støttespelar for kommunen og gjer ein uvurderleg innsats for barn, unge og vaksne i integreringsarbeidet. Det har i dei seinare åra vore alvorlege ulykker på reiser i regi av lag og foreiningar. Kultursektoren har gode høve til å påverke lag og foreiningar slik at dei utarbeider retningslinjer for trygg transport i aktivitetane sine.

2.6 KOMMUNEOVERLEGE

Kriterium for kommuneoverlegen – dokument som skal sendast inn:

- Kommuneoverlegen er kjend med kommunens trafikktryggingarbeid og rutinar i alle sektorar.
- Beskriving av korleis tilsynsmakta sikrar trafikktryggleiken i tråd med forskrift om helse og miljø i skular, barnehagar og skulefritidsordningar.
- Rutine for korleis kommunelegen medverkar til at fastlegane får god nok kjennskap til helsepersonellova § 34 om meldeplikt og tap av førarrett.

Kommunens (fast)legar er viktige aktørar i trafikktryggingarbeidet i kommunen. For å ha førarrett for motorvogn blir det stilt eit generelt krav til helse.

Dersom ein lege finn at ein pasient ikkje oppfyller helsekrava, plikter han eller ho å melde frå om dette til statsforvaltaren. I denne samanhengen skal legen selektere, ikkje behandle. Legane i kommunen har meldeplikt og kan gi køyreforbod for kortare tidsrom dersom helsa endrar seg og helsekrava ikkje blir oppfylte.

Det kan vere nyttig at heimetenestene kjenner til helsepersonellova § 34: «Leger, psykologer og optikere har meldeplikt når pasienter ikkje oppfyller helsekrav for føring av motorvogn [...]» og dei interne rutinane til kommunen for arbeidet.

2.7 PLAN- OG KOMMUNALTEKNIKK

Kriterium for plan- og kommunalteknisk avdeling – dokument som skal sendast inn:

- Rutinar for korleis trafikktryggleiken blir ivareteken i utarbeiding av reguleringsplanar og behandling av byggesaker.
- Rutinar for å kvalitetssikre trafikktryggleiken ved anleggsverksemd
- Rutinar for korleis trafikktryggleiken blir ivareteken i samband med kommunens drift av og vedlikehald på vegnettet, inkludert feiing og snø-/siktrydding.
- Rutine for behandling av innspel frå publikum om trafikktryggleik.

Kommunalteknisk avdeling er ansvarleg for å ivareta trafikktryggleiken for innbyggjarane i kommunen gjennom areal- og reguleringsplanar, snøbrøyting, feiing, siktrydding og kjøp av ulike transporttenester.

I prosessar med offentleg anskaffing har kommunen høve til å komme med eigne krav og kriterium med vekt på trafikktryggleik. Kommunen kan krevje at leverandørane har sertifiseringar, slik som NS-ISO 39001 Styringssystem for trafikktryggleik.

TAKK
for at du
rygga
inn!

Du har betre oversikt når du køyrer inn på ein p-plass, enn når du køyrer ut igjen. Derfor er det lurt å parkere med fronten ut.

Kvart år opplever over 100 000 bilistar uhell



RYGG INN, KØYR UT

Dei kommunetilsette i Luster
har lagt seg til gode vanar.

3 KORLEIS BLIR KOMMUNEN GODKJEND?

Fylkeskontoret vårt rettleier og hjelper kommunen undervegs i prosessen og deltek på godkjenningsmøtet. Godkjenninga blir gjennomført av Trafikksikker kommune-teamet i Trygg Trafikk.

3.1 VEGEN FRAM TIL GODKJENNING – STEG FOR STEG

- 1 Kommunen opprettar kontakt med fylkeskontoret til Trygg Trafikk.
- 2 Trygg Trafikk har møte med leiargruppa i kommunen.
- 3 Kommunen peiker ut ein koordinator/kontaktperson.
- 4 Korte arbeidsmøte (fysisk eller digitalt) ved behov med sektorane i kommunen og fylkeskontoret vårt:
 - barnehage (alle styrarane, ev. pedagogisk leiar)
 - skule (alle rektorane, ev. undervisningsinspektør)
 - helse (leiande helsesjukepleiar, kommuneoverlege og leiarar for heimetenester)
 - teknisk/plan (einingsleiarar)
 - HR/administrasjon (einingsleiar og hovudverneombod)
 - kultur (einingsleiar)
- 5 Kommunen set ein intern tidsfrist for når dei respektive sektorane skal ha utarbeidd rutinar og system i tråd med kriteria.
- 6 Innsending av samla dokumentasjon til fylkeskontoret vårt.
- 7 Den innsende dokumentasjonen blir vurdert.
- 8 Trygg Trafikk gjennomfører godkjenningsmøtet og overrekker skilt som bevis på at kommunen er godkjend.

3.2 FØR GODKJENNING

Når kommunen har oppfylt alle kriteria og dokumentasjonen ligg føre, avtaler koordinatoren og fylkeskontoret den praktiske gjennomføringa av dagen for det formelle godkjenningsmøtet.

Nødvendig dokumentasjon skal vere send til Trygg Trafikk minst tre veker før godkjenningsdagen. Dersom dokumentasjonen ikkje er tilfredsstillande, blir godkjenningsmøtet utsett.

3.3 GJENNOMFØRING AV GODKJENNINGSMØTET

Det bør setjast av 60–90 minutt til møtet. Frå kommunen skal desse vere til stades:

- kommunedirektør/rådmann
- kommunalsjefane / leiarane for kvar sektor (teknisk, plan, personale, helse, skule, barnehage og kultur)
- ein rektor og ein barnehagestyrar (som representerer skulane og barnehagane)
- leiande helsesjukepleiar
- kommuneoverlege
- hovudverneombod
- kommunens koordinator for trafikktryggingsarbeid
- folkehelsekoordinator

I tillegg håper vi å få møte


- ordføraren
- andre kommunalt tilsette eller folkevalde med relevante posisjonar
- ev. kommunikasjonsansvarleg

Inviter gjerne lokalavisa til ein prat og fotografering når det formelle møtet er avslutta.

Leiinga i kommunen får ein skriftleg rapport frå Trygg Trafikk kort tid etter møtet. Rapporten vil peike på vel utført arbeid og på kva utviklingsområde kommunen bør jobbe vidare med fram mot regodkjenning.

Godkjenninga varer i tre år.

TIDSLINJE FRAM TIL GODKJENNING



Godkjentstempel på godt og systematisk teamarbeid i kommunen.

4 FØRSTE REGODKJENNING

Kvart tredje år trengst det ei regodkjenning for at ein skal få behalde statusen som Trafikksikker kommune.

Dette er ein enklare prosess enn godkjenninga, men han er minst like viktig. Jamlege regodkjenningar sikrar at kommunen jobbar aktivt med trafikktryggleik og har gode rutinar for dette. Regodkjenningsprosessane vil òg stadig utfordre kommunen på nye område som han kan bli betre på. Dei vil særleg utfordre kommunen på utviklingsområda som blei påpeikte i rapporten frå godkjenningssmøtet.

Fylkeskontoret vårt vil rettleie og hjelpe kommunen undervegs i prosessen.

Regodkjenninga blir gjennomført av representantar frå Trafikk-sikker kommune-teamet og fylkeskontoret.

4.1 VEGEN FRAM TIL REGODKJENNING

Krav til innsend dokumentasjon:

- Koordinatoren til kommunen får tilsendt lenkje til ei obligatorisk spørjeundersøking i god tid før regodkjenningssmøtet kan finne stad. Mange nok tilsette (min. 40 % av dei tilsette i dei utvalde skulane og barnehagane, i heimetenesta og i kommunalteknisk avdeling og alle i leiargruppa) må svare på denne før kriteriet blir rekna som oppfylt.
- Gjeldande trafikktryggleiksplan med evaluering av fysiske og haldningsskapande tiltak.
- Referat og/eller sakliste frå utvalet i kommunen som har ansvar for arbeidsmiljø saker, der trafikktryggleik har vore tema.
- Gjeldande årsplan og rutinar for turar frå dei same to barnehagane og skulane som er valde ut til å gjennomføre spørjeundersøkinga.
- Dokumentasjon frå kultursektoren på korleis dei jobbar med lag og foreiningar for å auke trafikktryggleiken i verksemda si.
- Beskriving av korleis alle tilsette blir gjorde kjende med rutinar og forventingar frå arbeidsgivar som har med trafikksikker atferd å gjere.

Prosess – sjå òg tidslinje på neste side.


- 1 Fylkeskontoret vårt kontaktar kommunen i god tid før den gjeldande godkjenninga går ut.
- 2 Trygg Trafikk og kommunen avtaler kva skular og barnehagar som skal delta i prosessen.
- 3 Fylkeskontoret og kommunen avtaler tidspunkt for den obligatoriske spørjeundersøkinga.
- 4 Kommunen sender inn nødvendig dokumentasjon til fylkeskontoret.
- 5 Trafikksikker kommune-teamet godkjenner dokumentasjonen.
- 6 Dato for regodkjenning blir avtalt.
- 7 Formelt regodkjenningssmøte i kommunen med overrekking av nye oblatar til skilta.

4.2 FØR REGODKJENNINGA

Når kommunen har levert inn nødvendig dokumentasjon og nok tilsette har svart på spørjeundersøkinga, avtaler koordinatoren til kommunen og fylkeskontoret korleis det formelle regodkjenningssmøtet skal gjennomførast.

Nødvendig dokumentasjon skal liggje føre og vere send til fylkeskontoret vårt minimum tre veker før regodkjenningssdagen. Dersom dokumentasjonen ikkje er tilstrekkeleg, blir regodkjenningssmøtet utsett.

TIDSLINJE FRAM TIL REGODKJENNING



4.3 GJENNOMFØRING AV REGODKJENNINGSMØTET

Det bør setjast av inntil 60–90 minutt til møtet. Frå kommunen skal desse vere til stades:

- leiargruppa i kommunen
- kommunens trafikktryggingskoordinator
- folkehelsekoordinator
- ein rektor
- ein styrar
- leiande helsesjukepleiar
- kommuneoverlege
- hovedverneombod
- HR-ansvarleg

I tillegg håper vi å få møte

- ordføraren
- andre folkevalde eller tilsette med relevante posisjonar
- ev. kommunikasjonsansvarleg

Leiinga i kommunen får ein skriftleg rapport kort tid etter møtet. Rapporten vil peike på vel utført arbeid og på kva utviklingsområde kommunen bør jobbe vidare med fram til neste regodkjenning.

Regodkjenninga varer i tre år.



5 PÅFØLGJANDE REGODKJENNINGAR

Dei påfølgjande regodkjeningane etter andre regodkjening. Trafikktrygging er eit kontinuerlig arbeid.

Kvart tredje år trengst det ei regodkjening for at ein skal få behalde statusen som Trafikksikker kommune.

Dette er ein enklare prosess enn ved første godkjening, men han er minst like viktig. Jamlege regodkjeningar sikrar at kommunen jobbar aktivt med trafikktryggleik og har gode rutinar for dette. Regodkjeningane vil òg bli brukte til å sikre progresjon i arbeidet og stadig utfordre kommunen på område som han kan bli betre på. Regodkjenningsprosessen vil særleg utfordre kommunen på dei utviklingsområda som blei påpeikte i rapporten frå det førre regodkjenningsmøtet. Fylkeskontoret vårt kan rettleie og hjelpe kommunen undervegs i prosessen.

Regodkjeninga blir gjennomført av representantar frå Trafikksikker kommune-teamet og fylkeskontoret vårt.

5.1 KRAV TIL INNSEND DOKUMENTASJON

- Gjeldande trafikktryggleiksplan med status for haldnings-skapande og fysiske tiltak.
- Mange nok tilsette som har gjennomført spørjeundersøkinga som Trygg Trafikk sender ut.

Det er viktig å merke seg at spørjeundersøkinga som hovudregel ikkje blir gjennomført ved andre gongs regodkjening, men ved tredje gongs regodkjening og deretter kvart sjette år. (Ønskjer kommunen framleis undersøking kvart tredje år, får dei det.)

Undersøkinga vil no bli retta meir spesifikt mot tilsettegrupper som nyttar motorisert køyretøy i tenesta, til dømes heimetenesta og tenester i kommunalteknisk sektor.

5.2 MUNTLEG FORKLARING I MØTET

Vi ønskjer at etatsleiarane gjer greie for følgjande spørsmål, som blir sende til leiargruppa i forkant av møtet:

- Kva gjer kommunen for å styrkje trafikktryggleikskulturen blant dei tilsette i kommunen?
- Korleis påverkar kommunen lag og foreiningar til å innarbeide trafikktryggleik i verksemda si?

- Har kommunen innarbeidd krav om trafikksikker atferd i anbuds kontraktane med eksterne tilbydarar?
- Korleis sikrar kommunen at skular og barnehagar oppfyller krava til trafikktryggingsarbeid i tråd med gjeldande rammeplan for barnehagar og læreplanane i skulen?
- Inngår trafikktryggleik som ein del av tilsynet i kommunen, jf. forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordninga?
- Korleis blir råda i kommunen involverte i saker som handlar om trafikktryggleik?
- Korleis følgjer kommunen opp meldingar frå publikum som gjeld trafikktryggleik?
- Eventuelt andre spørsmål som er relevante for kommunen.

5.3 GJENNOMFØRING AV REGODKJENNINGSMØTE

Sett av ein times tid til møtet. Det er eit krav om at desse stiller:

- leiargruppa i kommunen
- kommunens trafikktryggingskoordinator

I tillegg håper vi å få møte

- folkehelsekoordinatoren
- ein rektor
- ein styrar
- leiande helsesjukepleiar
- kommuneoverlege
- hovudverneombod
- HR-ansvarleg
- ordføraren
- ev. andre relevante fagpersonar frå kommunen
- ev. kommunikasjonsansvarleg

Leiinga i kommunen får ein skriftleg rapport kort tid etter møtet. Rapporten vil peike på vel utført arbeid og på kva utviklingsområde kommunen bør jobbe vidare med fram til neste regodkjening.

Regodkjeninga varer i tre år.



Regodkjenning er ein enklare prosess,
men minst like viktig som første godkjenning.





tryggtrafikk.no
tsk@tryggtrafikk.no

